

Fylkestinget juni 2018

Spørsmål

Førebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar

Vi må alle vaske hendene i løpet av ein arbeids- eller skuledag. Dette bør gjerast skikkeleg, med såpe og vatn. Då er det synd at HFK nyttar såpe tilsett parfyme i sine dispenserar.

Personar som er disponerte for allergiar, kan få allergiane utløyste som følgje av gjenteken eksponering for til dømes parfyme. Personar som allereie har allergiar, kan ikkje vaske hendene med såpa dei finn tilgjengeleg i HFK sine bygg, utan å få plager av dette. Samstundes finst det folk med sterkare allergiar, som får helseplagar utløyste når andre har nytta såpa som er tilgjengeleg i dei fylkeskommunale bygga, og møter dei med parfymeluktande hender. Dette er ikkje greitt med tanke på universell tilrettelegging. I offentlege bygg bør vi velje produkt som gjer at alle skal kunne vaske hendene i løpet av dagen, utan å verte dårlege av det.

Vil fylkesordførar sjå nærare på moglegheita for innføring av parfymefri såpe i alle dispenserar i fylkeskommunale bygg, og kome attende til fylkestinget eller relevant utval med sak om dette?

Iril Schau Johansen, Høgre